



Arkivnr: 2014/11255-18
Saksbehandlar: Karen Louise Nybø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.06.2014

Klimaplan for Hordaland -handlingsprogram 2014 - tilskot til lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn

Samandrag

Bergen og Omland Havnevesen har fått Bergen kommune, GASNOR og BKK med som partnerar i eit prosjekt for å lage ein miljøplan for sentrumsnære hamneområder med vekt på luftforureining og klimagassutslepp. Dei vil spesielt sjå på bygging av landstraum og differensierte hamneavgifter. Dette vert ei vidareføring av det internasjonale samarbeidsprosjektet Clean North Sea Shipping.

Hordaland fylkeskommune kan omdisponere nokre av midla i klimaplanens handlingsprogram 2014 for å støtte prosjektet.

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner bruk av kr 350.000 i Klimaplan for Hordaland - handlingsprogram 2014 til «Lenging av Clean North Sea Shipping-prosjektet for Bergen hamn med vekt på landstraum, LNG, differensierte hamneavgifter og miljøplan».
2. Dette prosjektet blir hermed eit nytt tiltak i klimaplanens handlingsprogram.

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forlengelse av CNSS prosjektet for Bergen havn med vekt på landstrøm
- 2 00024V00001.pdf

Fylkesrådmannen, 06.05.2014

Hordaland fylkeskommune var Lead Partner for Nordsjøprosjektet Clean North Sea Shipping (CNSS) og Bergen og Omland havnevesen var ein av partnerane. Prosjektet fokuserte på luftkvaliteten i hamneområder, spesielt korleis ein kan redusere utslipp av klimagassar frå skip mens dei er i hamn. Etter at prosjektet no er avslutta ønskjer Bergen og Omland Havnevesen å vidareføre arbeidet for eigen del.

Vidareføringsprosjekt

Bergen og Omland Havnevesen har fått med seg partnerar på eit prosjekt med følgjande tre konkrete mål:

- Lage miljøplan for sentrumsnære hamneområde for å redusere luftforureining og klimagassutslepp
- Lage prospekt for å bygge landstraum som tilbod til dei skipa som forureinar mest
- Vurdere differensierte hamneavgifter

Prosjektansvaret vil liggje hos Bergen og Omland Havnevesen og det blir ei styringsgruppe frå partnerane. Arbeidet skal vere ferdig i mai 2015.

Prosjektet har følgjande budsjett og finansiering:

Kostnader

Lønn	kr	900.000
Andre konsulenttenester	kr	350.000
Reiser og møter	kr	50.000
Anna	kr	50.000
SUM	kr	1.350.000

Finansieringsplan

Bergen og Omland Havnevesen	kr	350.000
Bergen kommune	kr	350.000
BKK	kr	150.000
GASNOR	kr	150.000
Hordaland fylkeskommune, klimahandlingsprogram 2014	kr	350.000
SUM	kr	1.350.000

Fylkesrådmannens vurdering:

Clean North Sea Shipping var eit viktig tiltak i Klimaplanens handlingsprogram ut 2013 og det er naturleg at fylkeskommunen ønskjer å støtte dette arbeidet vidare her i Bergen.

På klimaplanens budsjett for 2014 er det udisponerte midlar sidan nokre av dei vedtekne tiltaka er delfinansiert med ubrukne midlar frå 2013.

Eg vil rå til at prosjektet vert støtta over budsjettet til klimaplanens handlingsprogram.